

Til offentlege myndigheiter,
naboar og aktuelle partar

Ålesund, 25.10.2024
Vår ref. 634830-23

Varsel om oppstart av planarbeid, Detaljregulering for Raffelneset næringspark

Varsel om oppstart av detaljregulering for Raffelneset næringspark kunngjerast etter plan- og bygningsloven §12-8. Asplan Viak er plankonsulent for planforslaget, Hareid kommune er forslagsstiller.


Du mottar dette brevet fordi du er grunneigar, nabo, offentleg høyringsinstans eller på annan måte røres av planforslaget. Du har no moglegheit til å uttale deg til planarbeidet, sjå informasjon lenger ned.

I samband med oppstart av planarbeidet inviterer Hareid kommune til eit ope folkemøte den **14.11.2024, kl. 18.00, i kommunestyresalen på Hareid rådhus**. Det blir informasjon om planprosessen, og det blir anledning å komme med spørsmål og innspel til planarbeidet.

Formålet med reguleringsplanen er å oppdatere planen for næringsområdet på Raffelneset, og samtidig legge til rette for etablering av reinseanlegg som skal oppfylle kravet om sekundærreinsing. Det skal også bli regulert djupvasskai og samanhengande gang- og sykkelveg til sentrum. Djupvasskaia skal til dømes kunne bli brukt av cruiseskip, fiskebåtar eller i samband med verksemd på næringsområdet.

Planområdet

Planområdet ligg på Raffelneset, omrent ein kilometer aust for Hareid sentrum. Reinseanlegget er planlagt plassert innanfor eigedom gnr. 41/1104 og 41/1287. Det er tatt med eit større areal i sjø for plassering av djupvasskai, samt areal langs fylkesveg for etablering av gang- og sykkelveg. Plangrensa er satt med hensikt å få god samanheng mellom gjeldande planer og planforslaget. Det er derfor valt å ha ei romsleg plangrense til varsel om oppstart.



Figur 1 Planområde til varsel om oppstart

Forhold til overordna plan og gjeldande planer

Området er i kommuneplanen sett av til næringsverksemd, og er regulert til næring og industri i gjeldande reguleringsplaner.

Behov for konsekvensutgreiing

Tiltaket kjem inn under §6, Planer og tiltak som alltid skal konsekvensutgreiast og ha planprogram, i høve med vedlegg I punkt 8 b; Nyetableringar av farleier, hamner og hamneanlegg, der skip på over 1350 tonn kan segle og anløpe.

Det er utarbeida eit forslag til planprogram som er vedlagt.

Hensikt med varselet og medverknad

Hensikta med å varsle at et planarbeid settast i gang er å avdekke om planen kan komme i konflikt med viktige omsyn i området. Naboar og aktuelle parter gis moglegheit å komme med innspel til planprosessen på et tidleg tidspunkt. Forslagsstillar vil da lettare kunne ta omsyn til innspela, enten det gjeld kva som skal utgreiast, viktige interesser som må tas hand om, eller avbøtande tiltak som bør vurderast. Etter at plandokumenta er utarbeida og politisk behandla i kommunen, vil planforslaget sendast ut på høyring med ny anledning til å gi innspel. Etter høyringsperioden vil planforslaget reviderast før det kan bli vedtatt av kommunestyret.

Kontaktinfo og frist for innspel

Innspel til varsel om oppstart av detaljregulering og planprogram må bli sendt innan **08.12.2024** på e-post til anna.hellstrom@asplanviak.no eller i brev til Asplan Viak AS, Lerstadvegen 545, 6018 Ålesund. Ettersom oppstartsmeldinga blir sendt ut digitalt kan det også gis tilbakemelding til planvarselet gjennom Altinn. For andre spørsmål eller meir informasjon kan det tas kontakt på tlf. 476 72 792.

Fleire dokumenter knyta til varslinga finnes på heimesidene til Hareid kommune, sjå www.hareid.kommune.no, og Asplan Viak sine nettsider, sjå www.asplanviak.no/kunngjoringer.

Med venleg helsing
Asplan Viak AS

Anna Hellstrøm
Arealplanleggar

Telefon 476 72 792
E-post anna.hellstrom@asplanviak.no